

BESTEMOR SIN GYNGESTOD'L

Utpå urda ned ved stranda ligg ein gammal gyngestol
kasta ut i lag med anna rask og skrot.
Innpå heia ligg ei hustuft på ein turre, skrinne hol,
og ved skutborga: Ei nedgrodd raunerot.

Ref.
Bestemor sin gyngestod'l.
Stova heim'på Grinnarhod'l.
Morkna ned, vår gamle odel.
Vinden voggar mjukt i graset på ei grav.

Aldri nokon stad eg fann så gild ei dør å stiga inn.
Aldri nokon stad så kjærleg teken mot.
Med si turre, skrukne hand ho strauk det kalde barnekinn
og fann varme sokkar til ein valen fot.

Gyngestolen framfor omnen, og ein skammel attmed den,
song og soger i det bleike lampeskin.
Gjennom farne år og tider kjem ei helsing frå ein ven,
der ei gullgate frå kveldsola kjem inn.

Men sjå måken der på stolen! Sjå kor trygt han set seg ned,
som om slit og strev for føda var 'kje meir.
Og på vollen innpå heia, med ei morkna rot attmed
ligg ei vipemor og rugar på sitt reir.

Tobias Skretting